

REFERAT FRÅ STYREMØTE I SOGN OG FJORDANE BRIDKEKRINS PÅ SKEI

19.05.17 KL. 17.00

Til stades : Knut Skorpen, Willy Myhre, Stig Olav Kleiven, Sjur Wie, Marius Fivelstad.

Sakliste :

1. Innkalling og sakliste godkjent.
2. Val av møteleiar og referent. Willy Myhre vald som møteleiar og Stig Olav Kleiven som referent.
3. Oppsett av terminliste. **NB : Andre helg av 3.divisjon vert arrangert i Bergen.**
4. Styret i krinsen har motteke kritikk og dette vart diskutert. Eit samla styre vart samde om kva svaret skulle innehalde og at K. Skorpen skulle sende dette til vedkommande som har retta kritikk mot styret.
5. Disiplinærsak. Styret har tidlegare sendt ei sak til disiplinærkomiteen i NBF, og vart på møtet samde om korleis vi skal handsame saka vidare.
6. Intern diskusjon i styret vedrørande kommunikasjon mellom medlemmane i styret og kva for roller dei enkelte styremedlemmane skal ha. Kai Lille-Homb er gått ut av styret og Sjur Wie går frå å vere varamedlem til fast styremedlem. K. Skorpen skal ha hovedansvar for turneringar inntill vidare i samarbeid med W. Myhre.
Styret diskuterte også kor arrangementa skal haldast komande sesong. Styret vart samde om å fortsette som i inneverande sesong, men dette kan det verte endringar på alt etter kva avtalar krinsen klarar å få til.
7. Gulen bridgeklubb v/Magny Berg har bede krinsen om hjelp til å få opplæring i Ruter. Styret vart samde om å hjelpe klubben, og K. Skorpen og Åsbjørn Hegrenes reiser til Gulen og held kurs for dei. Krinsen dekkjer reisekostnadane knytt til dette.
8. I samband med Storefjellfestivalen skal det haldast kurs for tevlingsleiarar. 2 personar frå krinsen har meldt si interesse for dette, og har søkt krinsstyret om stønad knytt til dette. Styret vart samde om å dekkje påmeldingsavgifta og i tillegg kr. 1000.- pr. deltakar.

Møtet heva kl. 19.00

For styret
Stig Olav Kleiven